

## Årsmelding 2021, Seniornett Klepp

Hos Seniornett Norge er det registrert 73 betalende medlemmer per 09.09. 2021. Seniornett har sendt kontingenten for 2022 med e-post til medlemmene med registrert adresse.

### Aktivitetar:

Styret har hatt 4 styremøte og har behandla 17 saker i 2021. Møta i januar handla mykje om smittesituasjonen.

Enok Ueland oppdaterer heimesida vår under Seniornett. no.

Heile vårhalvåret var utan medlemsmøte på grunn av Covid 19 – situasjonen.

Årsmøtet gjennomførde me digitalt siste torsdagen i februar.

I september starta me opp med samlingar og heldt på til og med 28. november.

Digital festival var på Klepp bibliotek 23. september.

Den 11. november var me samla på Jæren hotell på konferanse. Der hadde Borghild Friestad eit innlegg som leiar av Seniornett Klepp.

Seniornett Klepp har heile året vore ein del av prosjektet «Verdensrommet» med tema å få eldre på nett, under leing av Bengt Sjøthun Ellingsen.

Bengt Sjøthun Ellingsen har hatt seks undervisingstimar på Fredheimsloftet.

Seniornett sitt landsmøte var i år flytta til hausten. Enok Ueland og Borghild Friestad deltok på landsmøtet på Gardermoen Scandic Airport hotell 7. og 8. oktober.

Borghild Friestad har deltatt på fleire møte i samband med prosjektet «Verdensrommet.»

Enok Ueland og Borghild Friestad var og på møte på Jæren hotell 10. november. Då var det generalsekretær i Seniornett, Kristin Ruud, som kalla inn til gruppemøte angående landsmøtet.

Momskompensasjonen for 2020 var kr. 685,-

Ny prosjektor er installert på Fredheimsloftet. Det har og vore oppgradering av lydanlegget. Dette er eit resultat av at Seniornett var med i prosjektet «Verdensrommet».

### **Styret i 2021 har vore:**

Leiar Borghild Friestad	- på val
Sekretær Malena Fjogstad	- på val
Kasserar Olaug Øksnevad	- ikkje på val
Styremedlem Aslaug Heigre	- ikkje på val
Varamedlem Enok Ueland	- på val
Revisor Lars Erga	- ikkje på val
Vararevisor Jan Marius Olsen	- ikkje på val

### Valnemnd:

Ragnhild Bryne	- på val
Anne-Karin Bore	- ikkje på val, 1 år igjen
Borghild Austrådt	- ikkje på val, 2 år igjen

Styret takkar for året som har gått, og takkar dei som stiller opp med kaffikoking og rydding elles.

Kleppe, 13. januar 2022  
styret for Seniornett Klepp